

# SKATTELEITAREN i Kvinnherad

heile det verdsmåtande rutenettet sitt som fylgje av drivstoffkrisa. SAS reknar med ein nedskjering i drivstoffleveringa på 20-30 prosent.

Bensinavgifta i Noreg vil gå opp med 10 ere literen frå års-

framlegget frå Bratteli-regjeringa. Anders Langes partio går mot framlegget som vil gje Staten 125 mill. kr. i auka inntekter i 1974. Regjeringa Korvald som fyrst kom mer framlegget, tok sikte p å setja det i verk frå 1. mai neste år.

om. Det arealet som Vinje vil stilla til rådveide er ikkje brukande til byggleland. Det er og viktig at den skulen som skal byggjast vert liggjande nær sjukehuset, seier Fenne. Olaf Dalland er samd med

## SKATTELEITAREN i Kvinnherad

5.800 gamle ord og ordtøkje som berre dei eldste i Kvinnherad i dag kjenner til, men som var vanlege i talemålet, har den 83 år gamle skulemeisteren Andreas Haugland i Uskedalen samla og skrivt ned. Han har mange interesser Haugland, gamal medlem av I.O.G.T., og sterkt songarinteressert m.a. I den tida då det kring i bygdene var mange som tykte om korsong, var han med dei som skipa Sunnhordland songarsamskipnad. Ivrig brevskrivar er

han og, skrivtrottugt til slekt og vener og del til han. Han syner fram bilete frå Iowa. Der har han slekt. For eit par tre år sidan hadde han vitjing derifrå og norskamerikaneren laut fella ei tåre over atter å vera i gamlelandet. Kontakten med heimleg arv og miljø var knytt. Då Korvald var i Kvinnherad og tala, laut han sjølvsagt lyda på og fekk jamvel nokre ord på eigahand med den dåverande statsministeren. Sjølv var Andreas Haugland motstandar av

at Noreg skulle gå inn i EF. — Det er saktans mykje gildt og lokkande i Dovrehalla, men ein kjem ikkje ut att når ein fyrst friviljug har gått dit inn. Eg hugsar sjølv 1905 og kor dei streva med å få oss ut or unionen og kan ikkje på nokon måte skjona kvifor dei no skulle setja alt inn på å knyta oss til ei endå større makt, seier han. Kring i huset står gamle ting. Svært glad er han i ei dragkiste som er mange hundrad år



Andreas Haugland har samla 5.800 gamle ord og ordtøkje.

5.800 gamle ord og ordtøkje som berre dei eldste i Kvinnherad i dag kjenner til, men som var vanlege i talemålet, har den 83 år gamle skulemeisteren Andreas Haugland i Uskedalen samla og skrivt ned.

Han har mange interesser Haugland, gamal medlem av I.O.G.T., og sterkt songarinteressert m.a. I den tida då det kring i bygdene var mange som tykte om korsong, var han med dei som skipa Sunnhordland songarsamskipnad. Ivrig brevskrivar er han og, skrivtrottugt til slekt og vener og dei til han. Han syner fram bilete frå Iowa. Der har han slekt. For eit par tre år sidan hadde han vitjing derifrå og norskamerikaneren laut fella ei tåre over atter å vera i gamlelandet. Kontakten med heimleg arv og miljø var knytt.

Då Korvald var i Kvinnherad og tala, laut han sjølvsagt lyda på og fekk jamvel nokre ord på eigahand med den dåverande statsministeren. Sjølv var Andreas Haugland motstandar av at Noreg skulle gå irm i EF.

- Det er saktans mykje gildt og lokkande i Dovrehalla, men ein kjem ikkje ut att når ein fyrst friviljug har gått dit inn. Eg hugsar sjølv 1905 og kor dei streva med å få oss ut or unionen og kan ikkje på nokon måte skjona kvifor dei no skulle setja alt inn på å knyta oss til ei endå større makt, seier han.

Kring i huset står gamle ting. Svært glad er han i ei dragkiste som er mange hundrad år gamal og som prost Kielland, bror åt diktaren, svært gjerne ville kjøpa av dei som åtte ho då. Ein gong var ho rosemåla, men det er ikkje godt å sjå no. Haugland dreg fram små usynlege skuffer og syner løynde rom i dragkista. Der skal vera gøymt ein skatt i ho.

### Kvifor denne interessa for gamal gramatikk og mål?

- Det fall seg slik. Landsmålet vart innført, og vi fekk læra det i folkeskulen, der eg byrja i 1897. Etter kvart skjona eg kor verdfull den gamle bygdemålsskatten er, men eg skjona og at han ville verte trengd vekk, og at det måtte bergast som best bergast kunne.

Du har brukt ti år på arbeidet ditt. Korleis gjekk du fram?

Orda høyrde eg i daglegtale, og samla etter kvart. Eg har og leita i gamle bøker. Skal ein læra Kvinnherdsmålet å kjenna, so lyt ein finna fram bøkene til Jens Tvedt; han er målmeisteren

framfor andre. Eg har gått gjennom 14 av bøkene hans. Andre har eg bede skriva orda til meg. Jonas Lie som budde på Husnes ei tid nemner ein stad Kvinnherdsmålet som kjeldespring og inspirasjon for alle som steller med ord. Dette kjeldespringet har berre vorte rikare. Christian Vidsteen, fødd 1832 i Ølve, vart ein boklærd mann. Han ol elsk til heimbygda og målet der. Han gav ut ei ordbok på dansk, eg har ho, gav to kroner for ho.

### **Nokre prøver på gamle ord og ordtøkje?**

Ja, no spør det om du er med på desse:

«Vil ein dirten vera, må ein ikkje dansa i dikje». (Dirten ty- der fin)

«Det er mildskap som har største makti».

«Kjippaste folen vert beste øykjen».

Ei gama! kona hadde for vane å seia: «Ein skal sjå ut når gamle hundar gøyr».

Og her er nokre av Jens Tvedt sine: «Den som har mykje slikt på tunga, har det minst i lunga». «Tjungen og tjeft er stundaheft». «Den som det vetla forsmår, skal ikkje det stora få». «Ein skal aldri gapa så høgt at kjeften gieng or le».

Hjå dei unge er vel dei meste gamle orda gått i gløyme. Ard var ein treplog. Når dei skulle pløya, skar dei opp reima i ardrekke. Ein som tykte svært om seg sjølv var ein bas. Skrømt kunne det og tyda. I Mauranger er det ei ur dei kallar Bjødlunebasen. Her tyder bas ei beingrind. Namnet etlar seg frå ei sann soge, ho er mest som den om Storegut og Grytebekken i boka åt Vinje. Nokre skuleungdommar der inne fann ei beingrind av menneske i ura. Beingrinda var av ein gut som vart mykje kjær i ei jente. Far til jenta tykte ikkje guten var god nok for dottera, og lova ho bort til ein annan. Dei to som var kjær i kvarandre rømde, men tredjemannen som jenta var lova til, fylgde etter og drap rivalen.

### **Arbeidet ditt er ikkje kome i bokform. Har du tenkt noko på å få det trykt?**

- Det vert for ansamt, men eg har sendt arbeidet mitt til Universitetet i Bergen, til Institutt for Nordisk filologi og der har dei synt interesse for gamalt Kvinnherdsmål.

Tykkjer du ungdomen svik målet sitt, eller er interessa for å taka vare på det gamle stor hjå dei unge i dag?

- Ja, eg veit ikkje kva eg skal sela om Husnes no. Tilflyttarar kjem frå bokmålskrinsar, men ein lyt bera over med dei. Storparten av kvinnheringane er glade i målet sitt. Eg har aldri knota på dialekten min.

Sjølvsagt kjem eg til å halda fram med skatteleitinga, seier Andreas Haugland frå Uskedalen, her er eit kjeldespring som ikkje tryt.

## ★ SKATTELEITAREN - -

gamal og som prost Kielland, bror åt diktaren, svært gjerne ville kjøpa av dei som åtte ho då. Ein gong var ho rosemåla, men det er ikkje godt å sjå no. Haugland dreg fram små usynlege skuffer og syner løynde rom i dragkista. Der skal vera gøymt ein skatt i ho.

— Kvifor denne interessa for gamal gramatikk og mål?

— Det fall seg slik. Landsmålet vart innført, og vi fekk læra det i folkeskulen, der eg byrja i 1897. Etter kvart skjøna eg kor verdfull den gamle bygdemålsskatten er, men eg skjøna og at han ville verte trengd vekk, og at det måtte bergast som best bergast kunne.

— Du har brukt ti år på arbeidet ditt. Korleis gjekk du fram?

— Orda hørde eg i dagleg-tale, og samla etter kvart. Eg har og leita i gamle bøker. Skal ein læra Kvinnherdsmålet å kjenna, so lyt ein finna fram bøkene til Jens Tvedt; han er målmeisteren framfor andre. Eg har gått gjennom 14 av bøkene hans. Andre har eg bede skriva orda til meg.

Jonas Lie som budde på Husnes ei tid nemner ein stad Kvinnherdsmålet som kjeldespring og inspirasjon for alle som steller med ord. Dette kjeldespringet har berre vorte rikare. Christian Vidsteen, fødd 1832 i Ølve, vart ein boklærd mann. Han ol elsk til heimbygda og målet der. Han gav ut ei ordbok på dansk, eg har ho, gav to kroner for ho.

— Nokre prøver på gamle ord og ordtøkje?

— Ja, no spørs det om du er med på desse:

«Vil ein dirten vera, må ein ikkje dansa i dikje». (Dirten tyder fin) «Det er mildskap som har største makti». «Kjippaste folen vert beste øykjen». Ei gamal kona hadde for vane å seia:

«Ein skal sjå ut når gamle hundar gøyr». Og her er nokre av Jens Tvedt sine: «Den som har mykje slikt på tunga, har det minst i lunga. «Tjungel og tjeft er stundaheft». «Den som det vetla forsmår, skal ikkje det stora få». «Ein skal aldri gapa så høgt at kjeften gjeng or le».

Hjå dei unge er vel dei meste gamle orda gått i gløyme. Ard var ein treplog. Når dei skulle pløya, skar dei opp reima i ardrekkje. Ein som tykte svært om seg sjølv var ein bas. Skrømt kunne det og tyda. I Mauranger er det ei ur dei kallar Bjødlunebasen. Her tyder bas ei beingrind. Namnet etlar seg frå ei sann soge, ho er mest som den om Storegut og Grytebekken i boka åt Vinje. Nokre skuleungdommar der inne fann ei beingrind av menneske i ura. Beingrinda var av ein gut som vart mykje kjer i ei jente. Far til jenta tykte ikkje guten var god nok for dottera, og lova ho

bort til ein annan. Del to som var kjær i kvarandre rømde, men tredjemannen som jenta var lova til, fylgde etter og drap rivalen.

— Arbeidet ditt er ikkje kome i bokform. Har du tenkt noko på å få det trykt?

— Det vert for annsam, men eg har sendt arbeidet mitt til Universitetet i Bergen, til Institutt for Nordisk filologi og der har dei synt interesse for gamalt Kvinnherdsmål.

— Tykkjer du ungdomen svik målet sitt, eller er interessa for å taka vare på det gamle stor hjå dei unge i dag?

— Ja, eg veit ikkje kva eg skal seia om Husnes no. Tilflyttarar kjem frå bokmålskrinsar, men ein lyt bera over med dei. Storparten av kvinnheringane er glade i målet sitt. Eg har aldri knota på dialekten min.

Sjølvsagt kjem eg til å halda fram med skatteleitinga, seier Andreas Haugland frå Uskedalen, her er eit kjeldespring som ikkje tryt.

ts

## — Ein god elsker er ein som tek hand om kona si

*Idealmannen har humor, seier Liv Ullmann*

Liv Ullmann har ingen planar om å gifte seg. Korkje med Henry Kissinger eller David Frost, slik rykta med jamne mellomrom har sagt.

I eit intervju med den engelske avisa Sunday People kjem den norske fimskodespearinna inn på ymse sider av kjærleikslivet og tilhøvet mellom mann og kvinne.

— Det undrar meg at kvinnene i dag — serleg i USA — drøftar teknikk så mykje når dei skal definere ein god elsker. —

Det er då så mykje enklare. Ein mann vert ein god elsker dersom han tek hand om kona si og bryr seg om henne.

— For meg er det naudsynt å finna ein mann med stabilitet. Det finn ein som regel hjå dei menn som har sterk nok humor til å ha det godt i tilværet. Det er ikkje naudsynt for mannen å freista gjera seg til ein slags sex-maskin.

Liv Ullmann seier at ho ikkje vil gifte seg att. — Men eg vil nok kunne leva saman med ein mann utan å vera gift.

Om idealmannen sin seier Liv